



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/42286-13

Dykkar referanse:  
14/1235 - 18/35680

Vår dato:  
20.12.2018

### Klage på vedtak – Områdeplan for Alversund – PlanID 1263-200902 – Lindås kommune

Vi viser til brev om vedtatt områdereguleringsplan for Alversund, mottatt 29.11.2018.  
Klagefrist er satt til 22.12.2018.

Statens vegvesen klager på planvedtaket, då vi ikkje har fått høve til å gi merknad til vesentlege endringar som er gjort i reguleringsplanen etter offentlig ettersyn. Vi ber om utsett iverksetjing av vedtak inntil klagen er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

#### Mellombels anleggsveg

I vedtatt reguleringsplan er det regulert ein mellombels anleggsveg i føresegnsområde #5. Anleggsvegen er vist i plankart og er regulert i føresegn 11.1.4 (vår understreking):

*«Føresegnsområde vist med #5 i plankartet skal brukast ved utbygging som mellombels anleggsvej. Dei arkeologiske lokalitetane vist med #6, #7 og #8 langs anleggsvegen skal sikrast med byggeplassgjerde. Anleggsvegen skal tilbakeførast til opphøveleg stand eller fjernast i samsvar med regulert formål.»*

Anleggsvegen er eit nytt element i plankart og føresegn, som ikkje var med i plandokumenta ved offentlig ettersyn av reguleringsplanen. Etter vår vurdering er dette ei vesentleg endring som vi, som fagmynde for vegtrafikk, burde fått høve til å uttale oss til.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Anleggstrafikken i samband med utbygging av område BOP3 og B2 vil vere omfattande, og kan gå føre seg over lang tid. I føresegna er det ikkje satt krav om utbetring av avkjørsla eller tidsavgrensing for den mellombelse bruken. Vi kan ikkje sjå at Lindås kommune har vurdert konsekvensane for trafikken på fv. 565, og om avkjørsla er dimensjonert for å handtere trafikkauken.

<p><i>Utsnitt av plankart frå offentlig ettersyn våren 2018.</i></p>	<p><i>Utsnitt av plankart vedtatt av kommunestyret 1.november 2018. Mellombels anleggsveg er markert med raud ring.</i></p>

I vår merknad til reguleringsplanen, datert 23.05.2018, skreiv vi følgjande om krysset mellom fv. 565 og tilkomstvegen til skuletomten:

*«Statens vegvesen meiner at eit viktig tiltak for å sikre trafikktryggleiken for trafikantane på fv. 565 Alverflaten, vil vere å sikre ein kort byggetid for kryssområdet og ferdigstilling av anlegget før krysset vert tatt i bruk til tiltak i områda innanfor.»*

Vi bad i den samanheng om at det var sett krav om at krysset skulle vere ferdigstilt og godkjent for offentlig overtaking før tiltak på eigedom BOP3.

I kommunens saksutgreiing er merknaden kommentert slik:

*«Føresegna er endra, men rekkefølgjekravet er satt til «før det kan gjevast bruksløyve» fordi det er trafikken til skulen som er avgjerande»*

Statens vegvesen er ikkje samd i vurderinga av at det berre er trafikken etter skulen er teke i bruk som er avgjerande for trafikktryggleiken. Etter det vi kan sjå har kommunen ikkje vurdert konsekvensen anleggstrafikken vil ha på trafikktryggleik og framkome på fylkesvegen, og det er ikkje sett krav om framdrift, slik at den mellombelse fasen kan kortast ned.

Statens vegvesen vil i den vidare prosessen primært krevje at rekkefølgjekravet vert innarbeida i reguleringsplanen. Dersom det ikkje let seg gjere, må ein kome fram til ei anna løysing som ivaretek tryggleiken i kryssområdet også i anleggsperioden.

#### Tilhøve som ikkje er følgt opp i vedteke reguleringsplan

I vår uttale til planframlegget bad vi om at byggjegrensa mot fv. 565 vart endra til 30 meter. I saksutgreiinga til Lindås kommune står det at byggegrensa er auka til 30 meter, men det er ikkje oppdatert i plankartet vi har fått tilsendt. Statens vegvesen har i ettertid fått bekrefta frå Lindås kommune at dette er ein feil i plankartet, og at det vil verte retta.

I vår uttale viste vi òg til føresegn § 2.1.2 der det er satt krav om felles planlegging av BOP1, B1 og SKV6. Statens vegvesen bad om at ein ved detaljregulering av dette området må ha med o\_SGS1, slik at ein sikrar ein heilskapleg standard på gang- og sykkeltilbodet på strekninga. I tillegg hadde vi ein merknad om o\_SGS1 lenger nord.

I saksutgreiinga har kommunen skrevet følgjande om o\_SGS1: «o\_SGS1 langs Skarsvegen vert endra i plankart og føresegner i samsvar med merknaden.»

Vi kan ikkje sjå at kommunen har gjort endringar i føresegn § 2.1.2 når det gjeld o\_SGS1. Vi etterspør difor om dette er ein feil i føresegna, eller om denne delen av merknaden ikkje er vurdert og kommentert i saksutgreiinga.

#### Konklusjon

Statens vegvesen er kritisk til løysinga med mellombels anleggsveg, utan krav om opparbeidd kryssområde, til bygging av tiltak på eigedom BOP3 og B2. Vi påklagar difor Lindås kommune sitt vedtak om godkjent områderegulering for Alversund. Vi ber om utsett iverksetjing av vedtak inntil klagen av endeleg avgjord. Anleggsvegen er avgjerande for oppstart av tiltaka i området, og det er difor naturleg samanheng mellom klagesaken og iverksetjing av planvedtak.

Vi krev primært at det vert stilt rekkefølgekrav om ferdig opparbeida kryss mellom o\_SKV1 og o\_SKV3 før tiltak på eigedom BOP3. Alternativt må ein leggje til rette for ei anna mellombels løysing som er i samsvar med krav i handbok N100, og som sikrar trafikktrygge tilhøve for trafikken på fv. 565 i anleggsfasen. Etter vårt syn må ein også sette vilkår for framdrift, slik at den mellombelse fasen vert korta ned.

Statens vegvesen er positiv til å ta del i vurdering av framlegg til løysing.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

Grethe Vikane  
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN